

## ***Referat frå møte i Strandebarm sokneråd***

***Møte 7/ 2023***

***Stad: Strandebarm kyrkjelydshus***

***Tid: Tysdag 26. september 2023 kl. 1800***

***Tilstades:***

*Kåre Milje, Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, sokneprest Vetle Karlsen Eide, Olav Tombre*

*Varamedlemmer: Lillian Hjartåker Fosse, Alvhild Tveitnes,*

***Forfall:***

*Torunn Baldersheim, Anne-Kristin Torsnes Fosse, Arne Gjerstad, Inger Ljones Måkestad, Lina Chandrike Berge, Siv Ljones*

***Sakliste:***

***Ord for dagen v/ Vetle***

***Saker:***

***Sak 35/23 Orienteringar frå sokn og fellelsråd***

Olav refererte til innkallinga til Fellelsrådet 27.9. Elles ikkje noko særskilt verken frå sokn eller FR.

***Sak 36/23 Soknerådsvalet 2023***

Valet gjekk utan problem av noko slag. Ved neste val må ein syta for at alle listene som er aktuelle vert lagt fram slik at andre enn velgjaren ikkje har innsyn. Det beste vil vera at alle listene får plass inne i valavlukket.

Nytt av året var at det var høve til å avgje røyst digitalt, og at valresultatet skulle rapporterast inn digitalt på tilsendte linkar og ark. Med god hjelp av Inger Karin Tordal gjekk dette seg til på beste måte.

25. oktober kl. 15 – 20 vert det kurs for det nye soknerådet i Nhsd kyrkje.

23.oktober kl. 18 vert det fellesmøte i Strb. Sokneråd med både det gamle og det nye SR.

12. november kl. 1700 skal det gamle SR takkast av, og det nye SR presenterast i Strb. Kyrkje.

For å gjera overgangen til eit mindre, men like bra og effektivt, sokneråd vil gamle arbeidsgrupper/ undergrupper kunne avlasta nytt sokneråd, og medlemer i det gamle soknerådet er positive til å bidra med både råd og dåd der det trengs.

### **Sak 37/23 Konfirmantjubileum søndag 3. september 2023**

Evaluering; Det kom et par deltakere som ikke var påmeldt. Dette skjer nesten kvart år, og må takast høgde for. Denne gongen var det i knappaste laget med middagsmaten frå Barmen A/S. Det var tinga til 25 personar og det kom 25, men det var i knappaste laget og for lite.

Håpar elles å få inn bilete og tekst frå festen i neste Kyrkjeblad for Kvam.

### **Sak 38/23 Ymse**

Minnegudstenesta for avlidne i Strandebarm er frå 2023 flytta frå nyttårsafta til allehelgensdag.

-Minnegudsteneste/allehelgensdag i Strandebarm kyrkje 5. november kl. 1700.

-Temakveld om «Fyrstehjelp i sorg» i KLH onsdag 1. november kl. 1900

-Ved offer til «Opne dører» i kyrkja den 26. november kunne det vera aktuelt å invitere Stig Magne Heitmann til å delta/orientere om prosjektet.

Olav

Ref.